

Flink ungdom sel VG og tener sine egne pengar.

19.03.2019



Fredrik Simensen Haugland og Oliver Enes sel og leverer VG på døra i helgene.

Oliver Enes og Fredrik Simensen Haugland, begge snart 14 år, ligg ikkje på latsida i helgene. Dei ynskjer å spara og tena sine egne pengar. Det vert gjort slik at Fredrik sel VG på laurdagane, Oliver på sundagane. Det er lausal og avisa vert levert på døra til dei som melder frå. Restopplaget vert selde til dei ein går på døra til. Oliver har alt vore aktiv ei tid. Fredrik fekk innsyn i jobben sist sundag. Han reknar med å vera klar innan kort tid.

Oliver har vald å starta med 20 aviser. Han hentar avispakken i sentrum kvar sundag i ni tida. Han leverer og sel avisa på døra til faste kundar, men og til dei som ynskjer sundags VG der og då. Oliver må rekna 2 - 3 timar på jobben.

Fredrik vil gjera det same på laurdagane. Han må fyrst søkja og vera godkjend av distribusjonsorganet til VG. Når det er gjort vil han som Oliver byrja med 20 aviser. Så vil tida syna om avistalet må aukast.

For kvar selde avis tener gutane kr. 11,- Dersom dei sel meir enn 14 aviser, er det ein bonus på kr. 50,- Kunden kan betala kontant eller med Vipps. Salsområde har til no vore sentrum og i Korsnes, men det kan utvidast.

Oliver og Fredrik er med dette eit føredøme for andre på same alder. Dersom ein vil og har pågangsmot, er det mogeleg å gjera noko nyttig og på den måten tena sine egne pengar.

Dersom du ynskjer VG på døra i helgene, ta kontakt:

Laurdas VG: Fredrik Simensen Haugland - mobil: 983 05 109

Sundags VG: Oliver Enes - mobil: 400 58 372

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal